



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
18/25	Formannskapet	24.02.2025
10/25	Kommunestyret	27.02.2025

Utløysing av opsjon knytt til tolegrenseanalyse og moglegheitsstudie i Sogn

Rådmannen si tilråding:

1. Luster kommune utløyser opsjonsmoglegheita i Sognarådet sin tolegrenseanalyse og moglegheitsstudie for reiseliv i Sogn.
2. Luster kommunestyre løyver ei ramme på inntil kr 400 000, finansiert med bruk av næringsfondet.
3. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale og saman med Vestlandsforskning avklare rammene for studien. Tema skildra i saksutgreiinga vert lagt til grunn for arbeidet, men det må avklarast kor mykje det er høve til å inkludere i arbeidet ut frå den økonomiske ramma.
4. Formannskapet skal orienterast om framdrift med arbeidet undervegs.

Kommunestyret 27.02.2025

Handsaming:

I kommunestyret si drøfting vart der serskilt peika på utfordringar med besøkstrykk knyta til :
-Cruise-trafikken, verdsarven og villcamping.

-Auka trafikk/ ferdsel i fjellområda med konsekvensar for natur og dyreliv(villrein).

Kommunestyre ber om konkrete råd som styringssignal.

Administrasjonen tek med seg signala i oppfølging av saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 10/25 vedtak

1. Luster kommune utløyser opsjonsmoglegheita i Sognarådet sin tolegrenseanalyse og moglegheitsstudie for reiseliv i Sogn.
2. Luster kommunestyre løyver ei ramme på inntil kr 400 000, finansiert med bruk av næringsfondet.
3. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale og saman med Vestlandsforsking avklare rammene for studien. Tema skildra i saksutgreiinga vert lagt til grunn for arbeidet, men det må avklarast kor mykje det er høve til å inkludere i arbeidet ut frå den økonomiske ramma.
4. Formannskapet skal orienterast om framdrift med arbeidet undervegs.

Formannskapet 24.02.2025

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

FSK - 18/25 vedtak

1. Luster kommune utløyser opsjonsmoglegheita i Sognarådet sin tolegrenseanalyse og moglegheitsstudie for reiseliv i Sogn.
2. Luster kommunestyre løyver ei ramme på inntil kr 400 000, finansiert med bruk av næringsfondet.
3. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale og saman med Vestlandsforsking avklare rammene for studien. Tema skildra i saksutgreiinga vert lagt til grunn for arbeidet, men det må avklarast kor mykje det er høve til å inkludere i arbeidet ut frå den økonomiske ramma.
4. Formannskapet skal orienterast om framdrift med arbeidet undervegs.

Samandrag

Sognarådet og Høyanger kommune har i fellesskap gjennomført eit anbod for ei tolegrenseanalyse og moglegheitsstudie for Visit Sognefjord sitt dekningsområde. Vestlandsforsking med Spor som underleverandør vann anbodet. Det er opning for å bestille lokale og meir detaljerte undersøkingar som opsjonar. Rådmannen tilrår at det vert bestilt ein opsjon for Luster kommune, med særleg vekt på Skjolden og cruiseproblematikk.

Utval som har vedtaksmynde: Kommunestyret

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:
delegeringsreglement / grunnlag for handsaming av næringssaker

Fakta

Luster kommune vart i 2023 kontakta av Skjolden bygdeall med ønske om å gjennomføre ei tolegrenseanalyse for Skjolden. Det er no bestemt at det skal gjennomførast ei regional tolegrense- og moglegheitsanalyse for Visit Sognefjord sitt dekningsområde. Ei tolegrenseanalyse er forankra både i det lokale initiativet og masterplan for reiselivet i Sogn, som er politisk forankra i alle eigarkommunane til Visit Sognefjord. Luster kommune har høve til å løyse ut ein opsjon på ei meir detaljert lokal studie i Luster.

For at politisk nivå skal ha betre kjennskap til kva som er dekkja i Vestlandsforskning sitt tilbod, så ligg tilbodet med deira oppdragsskildring ved saka som eit u.off. vedlegg. Blant kommunane i studien så er det primært Aurland, Luster og Vik som har signalisert at det er ønskeleg med ein opsjon.

I dialog med Vestlandsforskning er det understreka at det er viktig for deira del at eventuelle opsjonar vert avklara raskt, slik at det vert best mogleg synergjar med hovudarbeidet. Det er også viktig for Vestlandsforskning at dei kan få avklara omfang av det som kommunane etterspør.

Vurdering

Rådmannen meiner at ein lokal opsjon må ha eit tredelt fokus:

1. Sikre kommunen eit betre faktagrunnlag til å gjere prioriteringar av tiltak på, gjerne med konkrete tilrådde tiltak frå Vestlandsforskning og deira samarbeidspartar
2. Vurdere om det er tenleg med ei tolegrense for særleg cruiseanløp på Skjolden, og kva denne då bør vere?
3. Vurdere om det er tiltak som kan gjennomførast som kan betre toleevna for reiseliv i kommunen generelt (inklusiv villcamping), men særskilt på Skjolden.

Desse tre sentrale problemstillingane er hovudtemaa rådmannen ønskjer å ta med seg inn til Vestlandsforskning i bestilling av ein opsjon. For å eksemplifisere kva konkrete ting som kan bli etterspurt så kan det vere ønskeleg med meir faktagrunnlag om tilhøva på Skjolden, særleg ved cruiseanløp. Faktagrunnlaget bør også inkludere kunnskap om korleis dagens spreiding av cruisegjestar er, og kva potensiale som er for å få ein betre logistikk. Ein betre logistikk kan både vere lokalt på Skjolden, men også spreidd i kommunen. Rådmannen meiner også at det vil vere interessant å få Vestlandsforskning si vurdering av opplagde svakheiter på dagens infrastruktur (toalett m.m.) i gangavstand til cruisekaia og forslag til tiltak.

I arbeidet vil det vere tenleg at kommunen sitt handlingsrom til å eventuelt regulere tal cruiseanløp til kommunen vert utgreidd. Dette med bakgrunn i at det er ei privat kai, som har etablert si verksemd gjennom administrative og politiske prosessar som har gjeve tilslutnad til etableringa.

I arbeidet med å vurdere betre toleevne for reiseliv, så er det interessant å sjå på korleis dagens verdiskaping er, og om verdiskapingsmoglegheitene er godt nok utnytta både for cruise og anna reiseliv.

I tillegg til Skjolden er det også andre område i kommunen med større konsentrasjon av besøksstraumar som har ulik grad av utfordringar knytt til seg

- Solvorn
 - Mykje som skjer på avgrensa areal; fast busestnad, fritidsbusestnad, badestrand, parkering, reiseliv og ferjesamband til Ornes
 - I tillegg har ein både vernestatus til strandsitjarmiljøet i Solvorn og verdsarven og buffersona knytt til verdsarven Ornes stavkyrkje
- Ornes
 - Mange besøkande, både betalande gjestar, men også som berre er innom og ser frå utsida.

- Nytt verdsarvsenter er på veg, og det kjem ein ny logistikk med det, men framleis har vi ein smal Sørsideveg og eit lite ferjesamband
- Nigardsbreen/Breheimsenteret
 - Mykje besøk og aktivitet, i større grad betalingstenester (bomveg, billettinntekter på Breheimsenteret og opplevingsbedrifter)
 - Har prøvd å rette seg inn på å ta unna meir cruisebussar til senteret, mellom anna med ein ny tursti rundt senteret. Spanande å sjå kva effekten av ny tursti vert.
- Bergset
 - Turutgangspunkt med eit gryande parkeringsproblem
- Molden
 - Kanskje det best tilrettelagde gratis turmålet både med tanke på tursti og parkering.
 - Frå komande sommar av med ei matvogn som nytt tilbod.
 - Vert ein av fire turstiar som Spor skal gjere ei analyse av som del av hovudleveransen til Sognarådet
- Villcamping
 - Kva kan gjerast? Kva moglegheiter har kommunen til å sikre regulering; eventuelt i samarbeid med fylkeskommunen som vegeigar ev. Statens vegvesen? Mykje av villcampingen skjer langs fylkesveg
 - Har vi rett dekning av tømmeastasjonar

Luster kommune har samla sett mange aktørar som på ulikt vis har roller i besøksforvaltning:

- Kommunen
- Visit Sognefjord
- Sogn Friluftsråd
- Reiselivsnæringa
- Tre nasjonalparkar med eigne styrer, forvaltarar og besøksforvaltningsstrategiar
- To besøkssenter for nasjonalparkar
- Eit verdsarvobjekt og eit verdsarvsenter på veg
- Stiftingar som Wittgenstein, Ormeli og Muntehuset.

Eit arbeid som kommunen må ta vidare, gjerne etter råd frå Vestlandsforsking, er korleis vi kan jobbe enno betre saman på tvers med besøksforvaltninga i Luster.

Samla sett meiner rådmannen at dei tre første problemstillingane som vert nemnde står mest sentralt i ei bestilling til Vestlandsforsking, og kunnskap rundt cruise og Skjolden har ein førsteprioritet og deretter er det gjerne villcamping som er mest aktuelt.

Rådmannen tilrår at kommunestyret løyver inntil kr 400 000 til ein opsjonsstudie for Luster, og at rådmannen får fullmakt til å avklare med Vestlandsforsking kor mange av temaa som er nemnt i saksutgreiinga dei har høve til å inkludere i arbeidet med den økonomiske avgrensinga. Det vil ikkje vere mogleg å gå inn i alt det som er skissert i utgreiinga, men rådmannen tykte det var tenleg å løfte opp ulike perspektiv, slik at politisk nivå også har moglegheit til å gjere ytterlegare prioriteringar om ønskjeleg.

